



Finnaren

Bård Kolflåth kom til Manger som 6-åring fordi faren vart distriktslege her. Då han var 16 år gamal, kom krigen, og Bård vart motstandsmann, ettersøkt av Gestapo. Etter krigen budde han i Fyllingsdalen og arbeidde i Bergen. Som pensjonist bygde han hus i Mangersnes og flytta «heim».

Her dreiv han med fiskeoppdrett på økologisk basis i Nesvatnet.

Han måtte spa og regulera, og slik kom han over dei første båtrestane. Arbeidsmåten hans vart etter kvart slik:

Han grov funnet varsamt fram og fekk det teikna og fotografert før det vart levert til museet. Så laga han ein nøyaktig modell som han testa ut praktisk og fann bruksområdet for – før han tok til å leita i litteraturen etter tilsvarande. I somme tilfelle var kan henda fantasien noko for fantastisk, men om vi ser vekk frå det, ligg der ein heil kultur langt på veg ferdig dokumentert etter Bård Kolflåth – den eldste båtkulturen av sitt slag i landet.

Han var nær «sigeren» då han døydde; både vitskap og folk flest hadde skjønna at han hadde hatt rett det meste av vegen. Han var i arbeid med ei permanent utstilling på biblioteket på Manger. Der ville han presentera modellane frå utgravingsarbeidet og forteljinga om korleis folk levde i Nesvågen på Kristi tid og frametter.

Han vart ikkje ferdig: Midt i virvaret av monterte og umonterte utstillingsgjenstandar stod sjøstøvlane att etter Bård Kolflåth då han døydde etter ei mopedulukke sommaren 2005.

«Finnaren», kalla han seg på internettsida som han fekk laga om Manger-kulturen (www.mangerkulturen.com). Og ein finnar var han. Men i motsetnad til Espen Oskeladd var Bård Kolflåth målretta. På intuitiv måte «visste» han kva han leita etter.

Norsk båthistorie har fått eit par ekstra hundreår av Bård.



Radøy kommune

Faldaren er utgjeven av Radøy kommune

Kontakt: Servicetorget, 56349000

Fotografar: Asbjørn Nagel Toft og Per Einar Sønnesyn

Teikningar, tekst og layout: Bernt Kristiansen